

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rita Ludvigsen	FA-B40, TI-&00, HistSak-14/24	22/467

Saknr	Utval	Type	Dato
062/2022	Formannskapet	PS	31.05.2022
040/2022	Kommunestyret	PS	16.06.2022

## Revidering av vedtekter for barnehagane i Masfjorden kommune

### Vedlegg:

#### Journalposttittel

Framlegg til vedtekter for barnehagane i Masfjorden kommune

#### Dato

10.05.2022

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til vedtekter for barnehagane i Masfjorden vert vedteke slik dei ligg føre.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Endringar i nasjonale føringar for inntak av dei minste barna. Presiseringar i høve foreldrebetalinga, endring av arealnorm i høve miljøretta helsevern samt presisering i høve søkjarar frå andre kommunar. Søknader går no gjennom Vigilo som er barnehagen sitt fagsystem.

#### Høyring

Utkastet har vore til handsaming i SU i kvar barnehage.

#### Uttale

Ingen innspel til framlagde endringar

#### Fakta

Styrrarane ønska denne revisjonen grunna endringar som gjorde at handteringa vart vanskeleg og uklar.

#### Vurdering

Framlegget vil gje tydelegare føringar for opptak, areal, betaling og søknadsprosess.

### **Konklusjon**

Framlegg til vedtekter for barnehagane i Masfjorden vert vedtekne slik dei ligg føre.

### **Formannskapet - 062/2022**

#### **FS - behandling:**

Oppvekstleiar Rita Ludvigsen møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

#### **FS - vedtak:**

**Framlegg til vedtekter for barnehagane i Masfjorden vert vedteke slik dei ligg føre.**

### **Kommunestyret - 040/2022**

#### **KS - behandling:**

Oppvekstleiar Rita Ludvigsen møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Jostein Kvamme Duesund (Uavh) sette fram følgjande framlegg til endringsforslag i siste kulepunkt i §12 Foreldrebetaling i vedtektene for barnehagane i Masfjorden.

**Foreldrebetalinga går frå den 1. i den månaden bornet/borna tek i bruk tildelt plass**

Framlegg til vedtak frå formannskapet med endringsforslag frå Uavh vart samrøystes vedteke.

#### **KS - vedtak:**

**Framlegg til vedtekter for barnehagane i Masfjorden vert vedteke slik dei ligg føre med følgjande endring i siste kulepunkt i § 12:**

**Foreldrebetalinga går frå den 1. i den månaden bornet/borna tek i bruk tildelt plass**